



Det vert god julestemning i kyrkja når gospelkoret Abraham held konsert.

**Laurdag 5.desember kl.20 vil Uskedal kyrkje garantert fyllast av den gode og varme julestemninga. Då vert det invitert til julekonsert med gospelkoret Abraham som har ca. 35 songarar frå Sandnes, Stavanger og Jæren. Koret har besøkt Kvinnherad tidlegare, og mange hugsar tilbake på den gode konsertopplevinga dei gav publikum.**

Bakgrunnen for at vi er heldige og får besøk av Abraham i kyrkja vår, er at soknepresten vår, Lina Håland, er dyktig sopran og solist i gospelkoret. Ho byrja i koret i 2009, og sjølv om ho no er busett i Kvinnherad, er ho framleis med. No får ho med seg ei øving i månaden når ho reiser heim på frihelg. På konserten, **Fredelig jul** i Uskedalen skal ho syngje solo på 'Who would imagine a king' som vart gjort kjend av Whitney Houston i julefilmen 'The preacher's Wife'.

Koret har som mål å skapa musikalsk glede for både medlemmar og tilhøyrarar. Dei formidlar den kristne budskapet gjennom song og musikk. Bjarte Lending er dyktig musikalsk leiar, men medlemmane sjølv er med på å forma det endelege arrangementet av låtane som vert framført. Lending spelar også piano til ein del av framføringane.

Koret har mange trufaste tilhengjarar, og har opptreidd i mange samanhengar. Truleg var det ein del kvinnheringar som høyrde den vellukka konserten deira under Skånevik Bluesfestival sist sommar. I samband med konserten i Uskedalen er dei på ein liten helgeturnè. Dagen etter har dei først konsert i Vedavåg kirke før dei har konsert på Utstein kloster om kvelden.

Det vert nok ein varm og stemningsfull kveld når dei besøker Uskedal kyrkje 5.desember. Førehandssalg av

billetter på SPAR Uskedalen, SPAR Valen, på Kaffelade på Husnes og på Bunnpris på Seimsfoss er alt i gang. Det vert også billettsalg i døra. Det kan nok vera lurt å vera tidleg ute, for det vert 230 sitjeplasser i kyrkja inklusiv galleriet. Born og ungdom under 18 år går gratis.



# *Fredelig Jul*

## Gospelkoret Abraham

Uskedalen kyrkje 5. desember klokken 20.00

Vedavågen kirke 6. desember klokken 15.00

Utstein kloster 6. desember klokken 20.00

Gand kirke 21. desember klokken 19.30

*Billettpriser: 200/100/50kr*

*Dirigent Bjarte Lending*

*Foto og grafisk design: DoWell Photography*

Velkomne til konsert!(Born og ungdom går gratis i Uskedalen)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Abraham